

# **Radio Vest – Telemark a/s**

TOTAKVEGEN 94, 3864 RAULAND tel 35062920 mobil 90766208

post@radiovt.no studio@radiovt.no

**MEDIETILSYNET  
NYGATA 4  
1607 FREDRIKSTAD**

din ref: **18/4057-2**

vår ref.

dato **190316**

## **Framtidig distribusjon av lokalradio i FM-nettet**

Radio Vest – Telemark heretter RVT sender på FM i kommunane Vinje Tokke og Fyresdal. Konesjonær nr 3374

I nedslagsfeltet som også omfattar delar av Kviteseid – Seljord – Tinn – Odda – Bykle og Valle kommunar har me ca. 6000 fastbuande. Men i turistsesongen kan dette talet aukast til ca. 40 000. Svært mange av gjestene i området er utlendingar.

Utlendingane har FM radio i sine bilar , men ikkje DAB.

Vårt nedslagsfelt er ein viktig turistdestinasjon for ferjene frå kontinentet , både inn til Sandefjord – Larvik – Langesund – Kristiansand – Stavanger og Bergen.

Så både som informasjonskanal og underhaldning er det viktig at me opprettheld FM-nettet over heile landet. Me bygger ut DAB-nettet parallelt, men sjølv om me får full dekning i vårt konsesjonsområde på DAB, er ikkje dette godt nok for vår kundegruppe

FM er eit billig sendenett tilpassa lokalradio. DAB er kostbart å etablere , og driftsutgiftene er store med leigde liner fram til kvart sendepunkt.

RVT har 14 FM-sendepunkt i sitt distribusjonsnett og me har behov for ein par til for å få full dekning. Vi ser det vanskeleg å finansiere full DAB-dekning med den økonomien det er i lokalradio for tida. I vårt område er det ingen store byar som genererer mange lyttarar og dermed inntekter på eit konsentrert område.

Radio Vest-Telemark har investert store verdier i å etablere eit FM-nett som fungerer. Det vil vere verdiløst om lokalradio ikkje lenger får sende på FM.

Me kan ikkje på nokon måte forstå at det skal ha nokon hensikt å fjerne FM-sendingane så lenge frekvensane likevel er i bruk i andre land og dermed ikkje kan nyttast til andre tenester. Tvert imot vil FM vera eit godt supplement til DAB.

Vår oppmoding frå RVT er å la FM få halde fram. Sjå medieverden an - ha litt is i magen – vent og sjå. For i løpet av nokre år vil det utkrystallisere seg vegen vidare både for radio og TV.

Styret i Radio Vest-Telemark AS

Inge Tonetjønn